

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 09.05.2017

Til stades: Gunnar Dalseth, Lars Sæverhagen, Marit Huus, Kenneth Vikane, Olav Bernt Strømsnes, Una Eiken, Marta Samland og Kaia Gulbrandsen

Referent: Kaia Gulbrandsen

Sak 2017/34: Innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2017/35: Godkjenning av referat frå styremøte 18. april. Godkjent.

Sak 2017/36: Status pågåande prosjekt og søknader;

- Søknad om støtte til filmprosjekt. Det er søkt støtte hos Innfallsport Folgefonna Nasjonalpark.
- Lyd/bildeanlegg; ikkje noko nytt å melde.
- P-plassar ved båthamna; ikkje noko nytt.

Sak 2017/37: Evaluering av bygdedugnad 22. og 29. april

22.04. Ca 30 i arbeid i og ved Kulturhuset og på hellerissfeltet. 29.04 vart det utført arbeid på gravplassen, i båthamna, i kulturstien, på bedehuset, grannahuset, bossplukking langs riksvegen og i bygda, på skuleplassen. Mykje godt arbeid vart utført, takk til alle som stilte opp.

Sak 2017/38: Vipps-abonnement, bankkonto i DnB

Vi oppretter Vipps abonnement i Sparebanken Vest, Gunnar ordner dette.

Sak 2017/39: Informasjon frå styret i Jondal Frivilligsentral

Gunnar Dalseth har vore på styremøte i Jondal Frivilligsentral, me er andelseigar her og Gunnar er med i styret. Frivilligsentralen skipar til kurs i rekneskap for lag og organisasjonar 19.juni. Kurset er gratis for laga.

Sak 2017/40: Kort statusrapport om Liv og Lyst

Inger Karin Larsen var i Herand på ein samling i slutten av april. Tema var mellom anna korleis ein vil at Herand skal sjå ut om 10 år. Det jobbast i to grupper – ein rundt næring og ein rundt kulturminne. Kommande torsdag, 11.05, kjem det folk på besøk frå Liv og Lyst programmet i Fylkeskommunen for å oppmuntre og informere.

Sak 2017/41: Vatning av blommar og tømning av søppel for sommaren

Styret i Herand Bygdelag delar ansvaret for stell av blommar og tømning av søppel på badeplassen og i skulesvingen mellom seg gjennom sommaren. Liste over kven som har ansvar for kva veker i sommar er satt opp og vert sendt ut med referatet.

Sak 2017/42: Eventuelt.

- Herand Bygdelag er 20 år i år, laget vart stifta 15. juni 1997. 1.markering vert under Herandshelga 24. juni. Elles planleggjast ein fest til hausten, førebels dato er 28. oktober. Styret er ansvarleg for planlegging.
- Nettsida Herand.no. Gunnar jobbar med å hente inn tilbod på nye nettsider. Det jobbast med korleis ein kan få nettsider til å fungere best mogleg.
- Åsane Senioruniversitet har i dag vore i Herand. Dei var omlag 110 personar på omvising i bygda og mat på kulturhuset.